

Innlegg sendes FiskeribladetFiskaren
E-post: redaksjonen@fbfi.no
Telefaks: 55 21 33 01
Adresse: Bontelabo 2, 5003 Bergen

Hovedinnlegg/kronikk: Maksimalt 5.000 tegn (ca. 750 ord).
 Underinnlegg/replik: Maksimalt 1.500 tegn (ca. 250 ord).
 FiskeribladetFiskaren forbeholder seg retten til å forkorte alle innlegg som mottas. Likeledes forbeholder vi oss retten til å lagre innlegg i

elektronisk form, samt publisere dem på internettet. Innlegg honoreres ikke. Bidragsytere oppfordres til å sende innleggene med epost til redaksjonen@fbfi.no
 Vi tar også i mot lagringsmedia av alle typer.



Seniorforskar (Øystein Skaala) og professor emeritus **Reidar Borgstrøm** går i rette med dei som hevdar at akvakultur ikkje skadar villaksen.

Lakselus og rømt oppdrettslaks

Innlegg LESERBREV

Eit stort oppslag i Dagens Næringsliv måndag 11. juli er overskrifta «Slakter forskning i rapport».

Bakgrunnen er at oppdrettaren J. A. Gjøvik har skrive ein rapport på oppdrag frå Fiskeri- og havbruksnæringsforskningens forskningsfond der han underkjenner den omfattande dokumentasjonen som ei rekkje forskingsmiljø innanfor genetikk, laksebiologi, økologi, parasittologi og veterinærmedisin i Skandinavia, Europa og Nord-Amerika har lagt fram om korleis lakselus påverkar ville bestandar av laks, sjøaure og sjørøye, og korleis rømt oppdrettslaks påverkar villaks.

Vi stiller oss undrande til påstandar om at det er eit lite knippe lakseforskarar med «eigen agenda» i eit lukka miljø som har konstruert problema. Mykje av det som i dag er dokumenterte fakta, har vore møtt med protestar undervegs. Det vart protestert på at oppdrettslaks rømde, at han overlevde i naturen, at han vandra opp elvane og deltok i gytinga saman med villaks, og at oppdrettslaks fekk avkom i vassdraga.

Dokumentasjonen på røming, på rømlingane si oppvandring i vassdraga, på gyteatferd, på gytesuksess, på overleving hos avkomet, og på hybridisering med villaksen er framskaffa, kvalitetssikra og publisert i internasjonale fagtidsskrift.

Det er også gjennomført studiar der fleire forskingsmiljø har vist at oppdrettslaksen er ulik villaksen i eigenskapar som har innverknad på overlevinga i naturen. Dette er ikkje uventa, sidan målet med avlsprogramma er å endra laksen sine eigenskapar.

Avlsmiljøet knytta til oppdrettslaks har likevel vore avvisande til at innblanding av rømt oppdrettslaks i villaks kan ha negative verknader på villaksen.

Det er interessant at Gjøvik og forskarar i Nofima aksepterer at faktorar som vassdragsreguleringar og parasitten Gyrodactylus påverkar produksjon og overleving av vill atlantisk laks, medan parasitten lakselus (*Lepeophtheirus salmonis*) frå oppdrettslaks, ikkje har nokon betydning for bestandsstorleiken av villaks. Det er vist at laksesmolt dør når den vert infisert med



Sjøaure infisert med lakselus, som har forårsaka avgnagd og blodig ryggfinne, mai 2010. FOTO: UNI-MILJØ

Det er vist at laksesmolt dør når den vert infisert med 10-30 lakselus

10-30 lakselus. Det er dessutan i regionar med størst oppdrettsvolum at laks- og sjøaurebestandar har størst problem.

Hordaland ligg på oppdrettstoppen her i landet. Ifylgje den off. laksestatistikken vart det i Hordaland årleg fiska 123 tonn laks i femårsperioden 1900-04. Tilsvarende tal for perioden 2000-04 var 22 tonn per år (inkludert fanga oppdrettsfisk), dvs. ein formidabel nedgang. Samstundes har Uni-Miljø og Havforskningsinstituttet i fleire år gjennomført teljingar av villaks og sjøaure som viser at gytebestandane i t.d. Hardangerfjorden er under berekraftig nivå.

Meir enn halvparten av sjøauren vi har undersøkt i midtre del av Hardangerfjorden frå 2002 til 2010 har hatt betydelege sårskader forårsaka av lakselus, samstundes med at aurebestandane går attende. I Guddalselva i midtre del av Hardangerfjorden der vi frå år 2000 har den mest nøyaktige registreringa, vart det i femårsperioden 1978-1982 i gjennomsnitt rapportert fangst av 156 sjøaurar per år, men i femårsperioden 2005-2009 var samla oppgang i elva kun 85 sjøaure per år.

Om fangsttrykket var 50 % og all fanga fisk vart rapportert, er bestanden i dag kanskje kun ein fjerdedel av tidlegare bestandsstorleik.

Fleire publiserte arbeid har vist at behandling av sjøauresmolt med antilusemiddel i fleire høve har auka overlevinga i sjøen. Det er vanskeleg å forklarar dette på annan måte enn at det er lus som gir ubehandla fisk auka dødelegheit. Med over 300 millionar laks i merdar i sjø er det ein langt større produksjon av luselarver i dag enn då det berre var vill laksefisk i sjøen!

Mykje av registreringane av rømt fisk i vassdraga er basert på fragmentert dugnadsinnsats frå eit stort antal frivillige personar som har samla inn skjellprøver for forskings- og forvaltingsmiljøa. Men så lenge vi har ei offentleg forvaltning av kystsona, kan ikkje overvakinga av situasjonen for villaksen og opprydding i miljøeffektane av næringa vera ei privat sak overlata til det einskilde lokalsamfunn på den eine sida og tunge oppdrettsaktørar på den andre. Forvaltingsstyresmaktene har ein unik anledning til å dra vekslar på lokalt engasjement ved å styrkja og kvalitetssikra den pågåande overvaksingsaktiviteten, og samstundes styra finansieringa av arbeidet med å halda rømlingane ute av laksevassdraga.

Øystein Skaala, seniorforskar, Havforskningsinstituttet, Bergen

Reidar Borgstrøm, professor emeritus, Institutt for naturforvaltning, Universitetet for miljø- og biovitenskap, Ås

bale oppvarmingen minsker de mest produktive områdene for produksjon plankton som igjen skaper rødåte og krill som er den viktigste næringskilden for bardehvalene og andre marine resurser. Havforskerne har også uttrykket bekymring over hvordan det skal gå med fiskeressursene når plankton produksjonsområder krymper inn og forsvinner.

Dette skjer samtidig som de tillater uttak på millioner av tonn krill i Sørishavet. Kan dette uttaket av Krill føre til at hvalen begynner å sulte og derved slutter å reproducere?

Omega 3 fra Krill påstås å være noe som gjør oss friskere, men er dette noe annet enn olje fra fiskelever – god gammeldags tran?

Jeg spør fordi jeg mener at avgjørelsen om å beskutte matfatet for de store sjøpattedyrene må bevises

at Omega 3 fra Krill har en bedre medisinsk virkning enn omega 3 produsert fra andre fiskeoljer, og ressurser som ikke truer ernæringsbehovet for hvalene.

Den risikoen som løpes ved å beskutte krillen må bevises å være verdt risikoen av å desimere hvalene i Sørishavet enda en gang, og ikke være båret av økonomisk profitt for et fåtall.

Det må være verdens ansvar å påse at hvalstammene igjen oppbygges slik at hvalfangsten kan igjen opptas for å skaffe mat nok til en økt befolkning i verden.

Norge bør derfor vise at de ikke lengre driver rovdrift på hvalens bekostning, men er en ansvarsbevisst nasjon som kun kan akseptere uttak som bibeholder bærekraftige resurser.

Odd Bjørn Huse, Bergen